

ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
Plan og analyse

28. feb 2022

Planprogrammet til Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv for Alver 2023- 2035 ute på høyring og offentleg ettersyn.

Innspel frå Alver kulturråd

Tal-inndelinga nemt her følgjer planprogrammet:

Planprogrammet:

1. Bakgrunn – ingen kommentar
2. Føremål – her ønskjer Alver kulturråd inn eit komma bak scenekunst i 4. line for å skilje scenekunst og frivilligheita.
 - ☒ Gjennomgåande i hele planprogrammet er det fakta at økonomivurdering er fråverande. Alver kulturråd ønskjer at kulepkt 2 under føremål skal innhelde teksten: - «Planen skal omhandle økonomiske rammevilkår, prioriteringar i lokalsamfunna.....»
3. Utviklingstrekk og sentrale tema – her meiner Alver kulturråd det er viktig at teksten seier noko om det økonomiske utviklingstrekket. Tekstforslag: «Alver kommune skal legge til rette for føreseielege økonomiske rammar for lag og organisasjonar gjennom kulturmildane».
4. Visjon og mål - Under «visjonen til planen» er det ramsa opp ein heil mengd med talpunkt som skal vise hovudmål i planarbeidet. Alver kulturråd meiner det må vere eit punkt som gir ein visjon på at Alver kommune innanfor dei gjevne økonomiske rammane vil stø opp om frivillig verksemd.
5. Avgrensning av innhald -
 - ☒ Endring av tekst – forslag frå Alver kulturråd: Lovpålagde tenester endrast til «Lovpålagde og administrative tenester. Dette grunna at alle delar innanfor kulturavdelinga bør vere nemt på same stad. Ein Frivilligsentral er ikkje ein ideell og frivillig aktør og bør bli nemt saman med Kulturskule, Bibliotek og dei andre.
 - ☒ Under punktet ideelle og frivillige aktørar bør kun nemnast Kulturråd, Idrettsråd og frivillige lag og organisasjonar.
 - Det bør vere med eit eige punkt omhandlande økonomi i “avgrensning av innhald”. I døme må det stå noko om overordna vurdering av kulturmildar.
 - ☒ Når det gjeld “vurdere behov for areal til ulike tema” kan ein ikkje unnlate å nemne areal til regionalt kulturhus og ikkje begge «Kulturanlegg». Her er det ønskjeleg med spesifisering og bruk av ordet **kulturhus** grunna politisk og administrativ satsing i mulighetsstudie datert 29 nov 2017. Ein anna grunngjeving til å nemne **kulturhus** spesifikt er fondsavsetting på 10 mill kr til vidare arbeid med kulturhus. Dette må synleggjerast.


6. Planprosess. Alver kulturråd ber om at styringsgruppa tar inn Alver kulturråd og Alver idrettsråd som representantar i prosjektgruppa i dette planarbeidet, og i dei andre planarbeida som ligg føre. Dette for å synleggjere respekten som ligg i samarbeidsavtalen og for å ivareta kultur og idrett frå frivillig verksemd så tidleg som mogleg i prosessane. Rådsfunksjonane sit på nettverk og kunnskap som kan gå tapt om dei kjem inn seinare i planprosessen. Tidleg medverknad gir eigarskap, auka demokrati og føreseieleg handsaming.
 - 6.2 - Medverknad og kunnskapsinnhenting – Det før nemte mulighetsstudiet for regionalt kulturhus er eit omfattande medverknadsprosjekt som må takast med under dette punktet.
 - Under medverknad må Alver kulturråd og Alver Idrettsråd nemnast grunna gjensidig samarbeidsavtale som er skiven.
 - Anna kunnskapsinnhenting: Her må spesifikt nemanst dei registra og portalar kommunen sjølv har – Foreningsportalen, Tilskuddsportalen, Aktiv kommune - samt staten sine eige register, anleggsregisteret, BRREG m.fl. Ein må nytte det arbeidet som allereie ligg føre i dei mange regista som mellom anna "Huset i bygda".
7. Kva skal planen heite: – på folkemunne er denne planen heitande «Kulturplanen». Alver kulturråd meiner at om ei nemning skal femne kring alle delar av «kultur» så vil namnet bli langt og uhandterleg. Namneforslag på planen: «Kulturplanen». Alternativt må ein ha eit namn som ikkje utelet nokon del av det utvida kulturomgrepet – som t.d. "KDP - KIFF" som dekkjer kultur, idrett, friluftsliv og frivilligkeit.

Alver kulturråd vil peike på at "Kulturmilane" ikkje er nemt med eit einaste ord i planprogrammet. Søking i dokumentet gir ingen treff på «penger, kulturmilalar, tilskot, stønad». Ordet «økonomi» er nemt 3 gonger i generelle vendingar. Alver kulturråd oppmøder administrasjonen til å leggje inn økonomiske vurderingar i planprogrammet for å gje ein heilskap i planen.

Kulturmilø, kulturvern og museum er eit omfattande planverk som, slik nemt i planprogrammet, kjem inn som eigen operativ temoplan. Alver kulturråd ser fram til at denne planen og kjem inn i planverket slik at planane heng saman.

Alver Kulturråd takkar for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær